

Fredag var elevane i 6. og 7. klasse saman med mange andre skuleelevar samla på skuleførestilling av Mostraspelet. I kjølig gråver med skodde og regndropar reiste dei godt kledde av garde fordelt på to minibussar. – Vi var svinheldige. Då vi kom til Moster skein sola opp, og vi hadde ein kjempeflott dag på alle måtar, kunne læraren deira, Svein A. Sunde, fortelja etter turen.



Elevane samla ved støttene av Olav Trygvasson, Olav den heilage og Bisp Grimkjell (Foto: Svein A. Sunde)

Etter ein halv time med køståing, kunne elevane ta plass i det imponerande amfiet saman med 1200 andre skuleelevar frå heile Sunnhordland og Nord-Rogaland. Det 2 ½ timar lange spelet er krevjande for så unge elevar. Det krev at dei er godt førebudde, og at dei kjenner historia rundt den første kristningstida. Godt førebudde var Uskedals-elevane. Dei hadde arbeidd med dette både i samfunnsfag og i KRL-faget. I tillegg hadde dei drive førebuing meir direkte retta mot sjølve spelet m.a. ved å bruka nettet og gjennom samtale i klassen. Den gode førebuinga saman med ei imponerande framføring gjorde at elevane koste seg gjennom to og ein halv time på harde trebenkar.



Sindre, Preben, Ingebjørg og Thomas framfor ein av skodespelarane i imponerende kostyme. (Foto: Svein A. Sunde)
Eit artig poeng var det at 11 år gamle Mathilde Kvarven Myklebust, med far frå Uskedalen, og venninne med nokre av Uskedals-elevane spela fløyte i det storslåtte og imponerende orkesteret.

Mostraspelet er eit godt døme på læring gjennom ei flott kulturoppleving.

Meir stoff og fleire bilete finn de på heimesida til Uskedalen Oppvekstsenter (6. klasse).